



Hege Lekva og Janne G. Hjørnevåg overrekte velfortente blomar til Julie og Tor Skeie Olsen på basaren søndag.

Dei som var på skulemusikken sitt arrangement søndag, la nok merke til at visedirigenten deira, 18 år gamle Julie Skeie Olsen, hadde laga dei to siste nummera korpset spela. Stykka let svært godt, og vi kan slå fast at skulemusikken og den unge komponisten og arrangøren Julie må vera svært god match.

Som nest siste nummer spela korpset marsjen **HHH**. Det er ein originalkomposisjon som Julie skreiv i vår. Då vi spurde kva som skjulte seg bak tittelen **HHH** var svaret greitt og forståeleg.

- Eigentleg står det for Hipp, Hipp, Hurra sidan eg skreiv den ei stund føre 17.mai.

Avslutningsnummeret var **All about the bass**. Dette nummeret hadde Julie arrangert for brassband. Begge nummera let svært godt. Det var utfordringar for dei unge muskarane i alle instrument. Dei let flott, og i tillegg var det musikk dei utviklar seg på å spela.

Julie Skeie Olsen fortel at ho også har skriva nokre fleire stykke, men det er desse to som har blitt brukt i Uskedal skulemusikk. Komponeringa og arrangementa går litt i rykk og napp, alt etter om ho har tid. Og tid kan ho ikkje ha mykje til overs, den aktive og dyktige jenta.

Ho er no inne i sin andre sesong som onkelen og dirigenten, Tor Skeie Olsen, sin nærmaste musikalske medarbeidar i skulemusikken. I tillegg har ho mange andre korpssjarn i elden. I tillegg til å spela både med skulekorpset og musikklaget i Rosendal, spelar ho denne sesongen også fast med Tysnes Musikklag. Ho spelar soloeuphonium i alle 3 korpssa, og i tillegg til å vera ein god lagspelar, er ho også ein svært dyktig solist.

- Det vert ikkje så mykje tid til skriving når eg har 4 korpss og i tillegg går 3. året på vidaregåande med realfag. Eg prøver å skriva musikk når eg har tid. Kjekt å driva med musikk på andre måtar enn berre å spela. Veldig kjekt når eg får prøva ut det eg skriv i Uskedalen, og ikkje minst når det fungerer og musikantane liker musikken. Det gir inspirasjon og motivasjon til å skriva meir, seier Julie som også rosar miljøet og utfordringane ho får på Tysnes og i Rosendal.

Når eg spør om planane etter vidaregåande er ho enno litt usikker.

- Eg vurderer sjølvstegt eit år på folkehøgskule med musikk, men det kan og vera at eg går rett på studiar av eit eller anna slag, avsluttar Julie, ein ung jente med mange muligheter.

Når det gjeld musikken har ho jo også litt å slekta på! Mora Martha er ein dyktig trombonist, og bestefaren Kjartan Wang Olsen dirigerte Rosendal skulekorps heilt opp i Norgestoppen for om lag 25 år sidan. Han hadde også ei heldig hand om dirigentpinnen i Uskedal Musikklag i nokre sesongar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland